

Eksamen

15. november 2017

HES2001

Helsefremmende arbeid

Programområde: Helseservicefag

Nynorsk

Eksamensinformasjon	
Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timar.
Hjelpemiddel	Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå Internett og andre verktøy som kan brukast til kommunikasjon.
Bruk av kjelder	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Vedlegg	Ingen
Informasjon om vurderinga	<p>Kandidaten viser faglege kunnskapar, ferdigheiter og haldningar i arbeidet i samsvar med kompetansemåla i læreplanen for faget.</p> <p>Karakteren vert fastsett etter ei heilskapleg vurdering av arbeidet eleven utfører på eksamensdagen.</p> <p>Kandidaten skal grunngje og reflektere over det som vert lagt fram. Kva, korleis og kvifor.</p> <p>Kandidaten viser tverrfagleg forståing og ser heilskap og samanheng mellom teori og praksis.</p> <p>Kandidaten skal vere i stand til å arbeide raskt, nøyaktig og effektivt i arbeidet.</p>

Du arbeider på HelseService A/S og du vel sjølv om du arbeider som:

- Apotekteknikar
- Tannhelsesekretær
- Helsesekretær

Beskriv kvar du arbeider.

Oppgåve 1

På arbeidsplassen din møter du kundar/pasientar med ulike sjukdommar og ofte nedsett allmenntilstand. Det er influensatid, og Ole Olsen, ein pasient/kunde, har blitt sjuk. Han har feber, hostar mykje, er bleik og har dårleg appetitt.

- Gje Ole informasjon og rettleiing om kva han kan gjere ut frå situasjonen og symptoma han har.
- Ta utgangspunkt i situasjonen til Ole Olsen. Forklar korleis immunforsvaret arbeider, og kva som kan påverke det.
- Forklar ut frå yrket ditt kva det vil seie å ha god hygiene og kva for smitteverntiltak som er aktuelle i din arbeidskvardag. Utdjup og grunnngje.
- Kva for konsekvensar kan dårleg hygiene ha for samfunnet og for den enkelte arbeidstakar og pasient?

Oppgåve 2

Forgiftingar skjer vanlegvis ved at vi får i oss noko gjennom munn, hud, pust, sprut i auget eller stikk gjennom hud.

I dag møter du Lars som har fått ei kraftig matforgifting etter å ha ete mat som var dårleg handsama.

- Ta utgangspunkt i situasjonen til Lars. Beskriv symptom og allmenntilstand ved forgiftingar og gi eksempel på aktuelle tiltak.
- Du får inn eit lite barn på 2 år som har svelgt for mange fluortablettar. Forklar kva du vil gjere og kva for førstehjelp som er aktuell å gje.

Oppgave 3

Lars er allergisk mot nøtter og ønsker meir informasjon om allergiske reaksjonar.

- a) Forklar kva som skjer i kroppen ved allergi.
- b) Forklar kva som skjer ved eit anafylaktisk sjokk når Lars et nøtter. Kva for førstehjelp er aktuell?

Oppgave 4

Helseservice A/S skal flytte inn i nye lokale, og det vert arbeidd med den universelle utforminga. Ta utgangspunkt i ditt yrke.

Diskuter korleis utforming og lokale og service kan påverke velværet til folk.

Bokmål

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timer.
Hjelpemidler	Alle hjelpemidler er tillatt, bortsett fra Internett og andre verktøy som kan brukes til kommunikasjon.
Bruk av kilder	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Vedlegg	Ingen
Informasjon om vurderingen	<p>Kandidaten viser faglige kunnskaper, ferdigheter og holdninger i arbeidet i henhold til kompetansemålene i læreplanen for faget.</p> <p>Karakteren fastsettes etter en helhetlig vurdering av arbeidet eleven utfører på eksamensdagen.</p> <p>Kandidaten skal begrunne og reflektere over det som legges frem. Hva, hvordan og hvorfor.</p> <p>Kandidaten viser tverrfaglig forståelse og ser helhet og sammenheng mellom teori og praksis.</p> <p>Kandidaten skal være i stand til å arbeide raskt, nøyaktig og effektivt i arbeidet.</p>

Du arbeider på Helseservice A/S og du velger selv om du arbeider som:

- Apotektekniker
- Tannhelsesekretær
- Helsesekretær

Beskriv hvor du arbeider.

Oppgave 1

På arbeidsplassen din møter du kunder/pasienter med ulike sykdommer og ofte nedsatt allmenntilstand. Det er influensatid, og Ole Olsen, en pasient/kunde, har blitt syk. Han har feber, hoster mye, er blek og har dårlig appetitt.

- Gi Ole informasjon og veiledning om hva han kan gjøre ut fra situasjonen og symptomene han har.
- Ta utgangspunkt i situasjonen til Ole Olsen. Forklar hvordan immunforsvaret arbeider, og hva som kan påvirke det.
- Forklar ut fra yrket ditt hva det vil si å ha god hygiene og hvilke smitteverntiltak som er aktuelle i din arbeidshverdag. Utdyp og begrunn.
- Hvilke konsekvenser kan dårlig hygiene ha for samfunnet og for den enkelte arbeidstaker og pasient?

Oppgave 2

Forgiftninger skjer vanligvis ved at vi får noe i oss gjennom munn, hud, pust, sprut i øyet eller stikk igjennom hud.

I dag møter du Lars som har fått en kraftig matforgiftning etter å ha spist mat som var dårlig behandlet.

- Ta utgangspunkt i situasjonen til Lars. Beskriv symptomer og allmenntilstand ved forgiftninger og gi eksempler på aktuelle tiltak.
- Du får inn et lite barn på 2 år som har svelget mange fluortabletter. Forklar hva du vil gjøre, og hvilken førstehjelp som er aktuell å gi.

Oppgave 3

Lars er allergisk mot nøtter og ønsker mer informasjon om allergiske reaksjoner.

- a) Forklar hva som skjer i kroppen ved allergi.
- b) Forklar hva som skjer ved et anafylaktisk sjokk når Lars spiser nøtter. Hvilken førstehjelp er aktuell?

Oppgave 4

Helseservice A/S skal flytte inn i nye lokaler, og det jobbes med den universelle utformingen. Ta utgangspunkt i ditt yrke.

Diskuter hvordan utforming og lokaler og service kan påvirke velværet til folk.



www.vigoiks.no/eksamen